



Torill og Werner Oset  
Fagervollen 50 B  
5956 HUNDVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1437 - 15/19590

Saksbehandlar:  
Kristin Nielsen  
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
18.05.2015

## Ferdigattest - bruksendring av delar av bod til soverom og stove - gbnr 56/151 snr 2 Hundvin

**Administrativt vedtak. Saknr: 195/15**

**Tiltakshavar:** Torill og Werner Oset  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 12.05.2015. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.05.2015.

### Skildring

Adresse:	Fagervollen 50B, 5956 Hundvin
Bygningstiltak:	Bruksendring av delar av bod til soverom og stove
Bygningsnummer:	300074294
Bruksareal:	25 m <sup>2</sup> bruksendrast frå bod til 10 m <sup>2</sup> soverom og 15 m <sup>2</sup> stove
Avlaup:	Ingen endring
Vatn:	Ingen endring
Tal på røykløp:	Ingen endring

### VEDTAK:



**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bruksendring av delar av bod til soverom og stove på gnr. 56, bnr. 151, snr. 2.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Ytterlegare bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/1437

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar byggesak

Kristin Nielsen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Torill og Werner Oset

Fagervollen 50 B 5956

HUNDEVIN